

VARSEL OM OPPSTART AV REGULERINGSPLANARBEID

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Hosøyvegen småbåthamn, gnr. 11, bnr. 135, i Lindås kommune.

Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegner og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastset framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

Tiltakshavar og konsulent:


Stranda Båtforening er tiltakshavar. Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet:

Planområdet ligg langs Hosøyvegen, mellom Hosøy og holmane Langholmen og Storholmen. For å nå området tar ein av frå E39 ved Ostereidet og køyrer omtrent 8,5 kilometer nordover på fylkesveg 394 Stranda. Deretter tar ein av fylkesvegen mot nordvest, og køyrer vidare på den kommunale Hosøyvegen. Hosøyvegen er anlagt på ein molo, og koplpar Hosøy, samt Storholmen, Langholmen og Grønholmen til fastlandet. Planområdet ligg omtrent 3 mil unna Knarvik sentrum.

Planområdet består i hovudsak av areal i sjø. Det ligg to flytebryggar med båtplassar og nokre skjær i sjøen innanfor planområdet. Eit stort areal i sjø er inkludert i planområdet, på grunn av eventuelle ankarfeste for flytebryggene. Plangrensa i sjø kan verta redusert i det vidare planarbeidet. I tillegg til areal i sjø, er delar av Hosøyvegen inkludert i planområdet. Hosøyvegen består av eigedomen gnr. 11, bnr. 135. Vegarealet er tatt med for å sikra tilkomst til småbåthamna.

Området er i kommuneplanen avsett til eksisterande og framtidig småbåthamn, og område i sjø har omsynssone for friluftsliv. Planområdet er avgrensa på kartet som er vedlagt. Planområdet er på om lag 26,6 daa, og av dette er om lag 2 daa på land og resten sjøareal.



Figur 1: Utsnitt frå kommunedelplanen, med planområdet omtrentleg markert.

Planen sitt formål:

Hensikta med planen er å gjera området tilrettelagt for småbåthamn med tilknytt parkering. Tilkomst vil vere frå Hosøyvegen som er ein kommunal veg.

Ein vil leggja til rette for ein småbåthamn, som kan byggjast i to trinn. Ein ser i fyste omgang for seg å etablere omtrent 40-50 båtplassar, med ein moglegheit for utviding på eit seinare tidspunkt. Totalt antal båtplassar ser ein for seg kan bli rundt 75 stk. Ein har tenkt å fylla ut i sjø for å kunne etablere parkering i tilknytning til hamna, og det er planlagt 1 parkeringsplass per 3.-4. båtplass i samsvar med kommuneplanen. I småbåthamna tenker ein å tilretteleggje med sitteplassar, trebrygge, ein bod kor ein har moglegheit for å kopla til vatn og straum til hamna, samt skur som kan nyttast til lagring av utstyr til fiske og båt.

Ein vil vurdere ein justering av arealet som er avsett til småbåthamn i kommuneplanen, ved å legge nokon båtplassar på innsida av småbåthamna, mot Hosøyvegen. Slik unngår ein å trekke småbåthamna så langt mot nordvest som ein har moglegheit for i kommuneplanen, og såleis tek ein meir omsyn til hyttenaboane på den nærmaste knausen på Hosøy. Ein slik justering vil og kunne gi småbåthamna betre løye for vind og vær.

Merknader til varsel om oppstart:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til:

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
e-post: post@ardarealplan.no


Det er ikkje naudsynt å sende kopi av merknader til Lindås kommune. Alle mottatte dokument, merknader og andre innspel vil verte sendt Lindås kommune saman med planforslaget.

Merknadsfrist

Frist for merknader er satt til **12.januar 2016**.

Vidare saksgang:



Etter merknadsfristen vil forslag til reguleringsplan verte utarbeidd. Forslaget vert deretter sendt Lindås kommune for sakshandsaming. Etter fyrste gangs handsaming vert planen lagt ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Det vil da verte mogleg å kome med merknader til planforslaget før vidare politisk handsaming.



Anja Vik
Arealplanleggar

Tlf: 55 31 95 00

Vedlegg: varslingskart og varslingsliste



VARSLINGSLISTE:

Gnr.	Bnr.	Eigedomens adresse	
11	1	Stranda 837	5993 Ostereidet
11	2	lkkje registret adresse	
11	3	Stranda 835	5993 Ostereidet
11	4	Hosøyvegen 130	5993 Ostereidet
11	5	Stranda 855	5993 Ostereidet
11	7	Hosøyvegen 126	5993 Ostereidet
11	21	lkkje registret adresse	
11	80	Hosøyvegen 147	5993 Ostereidet
11	90	Hosøyvegen 75	5993 Ostereidet
11	122	Hosøyvegen 145	5993 Ostereidet
11	135	lkkje registret adresse	

Namn	Adresse	
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914 Isdalstø
Vegvedlikehald	Kvernhusmyrane 41	5914 Isdalstø
BKK Nett AS, Nettprosjekt	Postboks 7060	5020 Bergen
Fylkesmannen i Hordland	Postboks 7310	5020 Bergen
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 Bergen
NGIR	Lindåsvegen 1260	5956 Hundvin
Kystverket	Postboks 1502	6025 Ålesund
Bergen sjøfartsmuseum	Pb 7800	5020 Bergen
Fiskeridirektoratet, region vest	Postboks 185 sentrum	5804 Bergen
Bergen og omland havnevesen	Pb 6040	5892 Bergen
Telenor kabelnett	Http://www.telenor.no/privat/kundeservice/nettutbygging/	